



ÅRSMELDING 2015

Styret i 2015

Leiar:	Harald Øygard	Revisor:	Hildegunn Nore
Kasserar:	Leon Årseth	Valnemnd:	Mari Fleten (leiar)
Skrivar:	Rolf Nore		Martha Espeland (medlem)
Varamedlem:	Hildur Smådal		Ellaug Haugum (medlem)
			Kolbjørn Bergset (varamedlem)

Faste medlemmer i styret

Våre faste instruktører, Monrad Kolstad og Egil Nestande, deltar på alle styremøte.

Monrad Kolstad og Egil Nestande reiste som utsendingar til Seniornett Norge sitt Landsmøte i Haugesund i mai, der Monrad blei valt inn i hovudstyret i Seniornett Norge.

Medlemmer

Ved slutten av året har vi 79 aktive medlemmer som møter jamleg kvar veke. 61 medlemmer har i 2015 betalt medlemskontingent til Seniornett Førde. Totalt har vel 100 personar fått dataopplæring ved Seniornett Førde sidan vi starta opp i 2009.

Styrearbeid og aktivitetar

Det er gjennomført 8 styremøte og behandla 34 saker.

Vi har hatt to Internettkaffe-samlingar, der alle fire gruppene møtast. I vårsemesteret hadde vi Marit Kleiven frå Førde kommune som orienterte om kommunen sine nettsider. I haustsemesteret var det Joop Cuppen frå Seniornett Norge som gjesta oss. Han orienterte spesielt om det nye Windows10, og ga råd om oppgradering av PCar for dette programmet.

Seniorsurfdagen var i 2015 den 17. september i Lisj-salen i Førdehuset. Arrangørar var også i år eit fellesopplegg frå Seniornett Førde og Førde Bibliotek, Innpå 60 personar møtte til dette arrangementet. Av tema som var oppe kan nemnast informasjon om Seniornett Førde, der fleire av deltakarane våre presenterte kva vi jobbar med gjennom året, og kva du finn om Førde bibliotek på nett.

Sikring av nettverk for PC og mobile einingar i heimen og på reise hadde Åge Klausen frå SYS IKT (Sunnfjord og Ytre Sogn IKT), eit interessant innlegg om.

Norunn England frå Servicesenteret i til Difi på Leikanger orienterte om Digitalt førsteval - der Stat og kommune ønskjer å kommunisere med innbyggjarane på nett gjennom Digital postkasse, og ho synte også korleis Kontakt- og reservasjonsregisteret fungerer og korleis vi loggar oss inn på offentlege tenester og kvar vi får hjelp.

Førde kommune ved rådmann Ole John Østenstad hadde eit interessant innlegg om på kva område kommunen kommuniserer med innbyggjarane sine på nett og kva som er framtidsutsiktene her. Alt i alt ein vellukka dag.

Instruksjon og opplæring

I tillegg til Monrad og Egil har nokre av deltakarane vore faste medhjelparar både på opplæring og på meir tekniske ting for medlemmene. Spesielt må vi nemne Helge og Magny.

Vårsemesteret

For nybegynnargruppa (frå hausten 2014) har det viktigaste i vårsemesteret vore å søke på Internett, bruke e-post, nettbank, tekst- og bildebehandling. I vekene rett frø påske prøvde vi også litt med å lage påskekort.

For «veteranane» torsdagar og fredagar har det også gått mest på repetisjon sidan vi tidlegare har vore innom mykje av det som er mest aktuelt, f.eks. søke på Internett etter telefonnummer, arrangement, rutetider, matoppskrifter, lese aviser, kommunalt nytt, kjøpe kino- og teaterbillettar. Bestille fly- og reisebillettar, bildebehandling m.m. og Finn.no. Etter ønskje frå deltakarane på Excel-kurset hausten 2014, gjennomførte vi eit «*vidaregåande*» kurs. Gruppene vart her delt slik at ein del var med på Excel medan andre var med på tekstbehandling med Word.

Jamvel om dette Excel-kurset vart starta etter ønske frå medlemmene, så viste det seg at dei fleste var mest interesserte i tekstbehandling. Det var derfor heller få som deltok på Excel -kurset.

Også i 2015 har fleire deltakarar vore uheldige og fått «Highjacker-virus» eller «trojanar» på maskinene. Særleg har det vore plage med programmet ASK, som m.a. har «lurt» seg med ved oppdatering av Java. Fjernhjelp frå Seniornett Norge ved Joop Cuppen for å bli kvitt virus og trojanar har innimellom vore nødvendig. Alle har lasta ned programmet «TeamViewer» slik at folk i Seniornett Norge kan «kople til», fjernstyre og reinse den PCen som har virus. Elles har dei fleste deltakarane lasta ned programvara «SUPERAntiSpyware Free Edition» som kan fjerne «cookies» (informasjonskapslar) og enkelte spionprogram.

Hautsemesteret

Før oppstart av haustsemesteret hadde vi eit to-delt informasjonsmøte, der vi til den første timen hadde invitert nybegynnarar som var interesserte i å komme i gang med data, og deretter eit felles info-møte der også dei vidarekome deltok. Det var godt frammøte og minst like mange nybegynnarar som tidlegare år.

Ved oppstart var det såleis ei gruppe nybegynnarar på omlag 20 personar som møtte, og så mange er det ikkje skikkeleg plass til i kurssalen. Dette har medført at det har vore vanskeleg for instruktørane å følgje opp alle personleg.

Temalista for haustsemesteret laga vi enda meir detaljert enn tidlegare, med spesielt vekt på det som kan vera «matnyttig». Etter erfaring frå tidlegare år la vi likevel lista opp slik at vi hadde ein viss «slingringsmon» for å kunne ta opp tilfeldig saker og problem som måtte dukke opp. Ei slik temaliste har vi inntrykk av at alle set pris på ved at dei får oversikt over tema for vekene og dagane i semesteret.

Bakgrunnen til nybegynnarane hausten 2015 har som tidlegare år vore svært variabel. Nokre har ikkje tidlegare hatt PC, og har heller ikkje brukt skrivemaskin, medan andre er å rekne for vidarekomne. Ei slik blanding er utfordrande både for instruktørane og deltakarane. Progresjonen i gruppa blir bestemt av dei som i utgangspunktet er heilt «blanke», og dette kan for dei meir drevne bli litt kjedeleg. Nokre fann fort ut at dei var for avanserte for nybegynnargruppa og skifta over til ei av gruppene med vidarekomene.

Stor nybegynnargruppe med variabel erfaring frå bruk av PC og/eller skrivemaskin har medført seinare progresjon i gruppa enn forventa i den oppsette temalista. I tillegg har arbeid med innlegging av Office-pakke og oppsett av e-post i Outlook medført forseinkingar. Vi greidde derfor ikkje å komme skikkeleg i gang med e-post og heller ikkje med nettbank i haustsemesteret, dette på grunn av fleire ikkje hadde registrert seg for nettbank og e-post.

Undervisningsmateriell

Seniornettavisa som no kjem i eit svært hendig format har vore ei god hjelp for mange. Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike. Dei detaljerte rettleiingane vi har laga tidlegare er til dels utdaterte på grunn av oppdateringar og endringar i nye versjonar av Office-programma. Ei oppdatering av desse rettleiingane kan vera nødvendig.

Nye program

Microsoft kom sist sommar med den lenge annonserte Windows 10, og tilbyr gratis oppdatering til denne versjonen i eitt år for dei som tidlegare har Windows 7 eller Windows 8.1. Dei fleste deltakarane har etter kvart nytta seg av dette tilbodet og har oppgradert sine maskiner.

Office 2013 Pro og/eller Office 2016 Pro, ny programvare

Gjennom firmaet Techsoup har Seniornett Førde kjøpt inn 50 «*rabatterte*» lisensar av Office 2013 Pro og/eller Office 2016 Pro. Desse versjonane inkluderer også e-postprogrammet Outlook. Helge Kjølstad har gjort ein omfattande jobb med å legge inn Office-pakka på maskinene, og har i den samanheng også tilpassa dei ulike e-postadressene til Outlook-programmet. Denne tilpassinga har til dels vore svært krevjande fordi web-mail programma som mange nyttar ikkje korresponderer godt med Outlook. Særleg har det vore utfordrande å få overført adressebøker til Outlook.

Det er mange fordelar med at alle deltakarane har same programvare på sine maskiner når instruktørane skal vise ulike valg og framgangsmåtar i kvart program (Tekstbehandling, rekneark, e-post, m.m.) Dette bør vi halde fram med, men det kan bli ei utfordring å få tak i programlisensar ut over maks-grensa på 50.

Sosialt opplegg



Alle gruppene har på kvar samling ei felles halv-times kaffipause i sofagruppa ute i gangen/hallen. Her har vi fortsett med ordninga der ein av deltakarane tar med seg heimebakst eller andre godsaker til kaffien. Dette går på omgang. Kaffi/te kokar vi på minikjøkkenet på Brunosten. Medan vi sit i sofagruppa tar vi gjerne ein kort repetisjon på det vi har arbeidd med tidlegare på dagen. Ein slik seanse set dei fleste stor pris på etter dei tilbakemeldingane vi har fått. Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange.

Elles er medlemmane i dei fire gruppene våre flinke til å møte opp til felles vår-avslutting og juleavslutting i første etasjen på Brunosten, der det har vore invitert til ulike programinnslag, med song, diktlesing og dans m.m. Gong rundt juletreet ser ut til å bli ein tradisjon som dei fleste har set pris på.

Rekneskap

DRIFTSREKNESKAP 2015	Rekneskap 2015		Budsjett 2015	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Medlemskontingent	16 200,00		18 000,00	
Kursavgift (inkl. lisensar)	12 600,00		7 000,00	
Kaffipengar	19 858,50		14 000,00	
Tilskot	25 605,04		10 000,00	
Finansinntekter (renter)	39,00		0,00	
Godtgjersle til instruktører for utlegg		22 100,00		20 000,00
Servering		9 853,10		4 500,00
Utstyr (inkl. lisensar)		24 260,00		10 000,00
Annonser, porto		4 093,00		2 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		800,00		800,00
Reiseutgifter		0,00		8 000,00
Andre utgifter		9 297,40		3 700,00
Finanskostnader (bankgebyr)		149,00		0,00
Resultat		3 750,04		
Sum	74 302,54	74 302,54	49 000,00	49 000,00
RESULTATKONTO				
Sum inntekter	74 302,54			
Sum utgifter		70 552,50		
Fordringar 31.12.2015	0,00			
Gjeld 31.12.2015	0,00	0,00		
Resultat (overskot)		3 750,04		
Sum	74 302,54	74 302,54		
BALANSEKONTO per 31.12.2015				
	Debet	Kredit		
Eignedelar:				
Bankinnskot	45 908,70			
Debitorar (fordringar)	0,00			
Eigenkapital (og gjeld):				
Kreditorar		0,00		
Kapital per 31.12.2015		45 908,70		
Sum	45 908,70	45 908,70		


Grafer over Inntekter og Utgifter



Budsjett 2016 (forslag)

	Inntekter	Utgifter
Medlemskontingent	24 000,00	
Kursavgift (inkl. lisensar)	5 000,00	
Kaffipengar	20 000,00	
Tilskot	20 000,00	
Finansinntekter (renter)		
Godtgjersle til instruktører for utlegg		22 000,00
Servering		12 000,00
Utstyr		18 000,00
Annonser, porto		4 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		2 400,00
Reiseutgifter		8 000,00
Andre utgifter		7 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		150,00
Resultat (underskot)	4 550,00	
	73 550,00	73 550,00

Helsing styret og instruktørane



Harald, Rolf, Leon og Hildur
Leiar, skrivar, kasserar og varamedlem



Monrad og Egil
instruktørar